

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 16.6.20

Stad: Fjordsenteret

Sak 27/20 Trekking av fellingsløyva for villrein

Saksopplysning/vurdering:

Det er i år innkomne 128 søknader på fellingsløyve frå innanbygdsbuande jegerar. I tillegg er det 20 utanbygdsbuande søkjarar. Statsallmenningen vert tildelt 40 løyve, ut frå vedtak i villreinnemnda om minsteareal og utrekninga som valdansvarleg (grunneigarlaget for villreinvald) har gjort på grunnlag av dette.

	Frie løyver	Simle/ ungdyr	Kalv	
NF 401				
NF402				
NF451				
Sum	16	12	12	40

Av dette må det trekkjast ut eit bukkaløyve, som går til trekning mellom deltakarane i jaktkarusellen. I sak 18/19 i fjor vart det bestemt at me skulle halda igjen 5 bukkaløyve til dagskort. Eg føresler att me gjer det same i år, men no gjeld det 5 frie løyve.

Med atterhald om at fjellstyret held fast på vedtak i sak 14/11 om at kalvekorta skal tildelast separat, skal fjellstyret fordela korta på 34 jegerar: 11 fridyrskort, 12 simle/ungdyrkort og 12 kalvekort.

Med ein kvote på 34 dyr til fordeling og 128 søkjarar vil me i år få ei varamannsliste på 94 namn.

Framlegg til framgangsmåte ved trekninga:

Denne byggjer på innarbeidd praksis, tilpassa særskilte tilhøve det einskilde år.

Fylgjande lister ligg ved:

- Alfabetisk søkjarliste 2020
- Varamannslista frå i fjor
- Liste over dei som fekk i fjor og nye søkjarar

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 16.6.20

Stad: Fjordsenteret

Sak 27/20 Trekking av fellingsløyva for villrein

1. Me trekke ny varamannsliste fyrst, ta fram lista over dei som fekk i fjor og nye søkjarar minus fyrstegongsjegrane under 20 år, og få datamaskina til føreta trekninga.
2. Ta så fram varamannslista frå i fjor og legg til dei 4 fyrstegongsjegrane som har søkt i år. Legg 11 fridyrløyve, 12 simle/ungdyrløyve og 12 kalvakort i hatten og trekk. Det er 34 jegrar som får løyve, resten på varamannslista har plassen sin til neste år.

Broksfjellkorta

I utlysinga vart det skrive at det måtte sendast eigen søknad på dei fellingsløyva som er tildelte av Hardangerviddakvoten til Broksfjellet statsallmenning. 35 innanbygds jegerar har søkt, me har ei varamannsliste frå i fjor med 24 namn.

Framgangsmåte trekking:

1. Me trekke ny varamannsliste mellom den som fekk i fjor og nye søkjarar. Legg 11 nummererte lappar i hatten og trekk.

Endeleg kvote og fordeling på Ha 28a Aurland statsallmenning Broksfjell er enno ikkje bestemt. Viss nemnd og utval sitt forslag om fellingkvote på 2500 bukk og 2500 frie løyve blir bestemt, får statsallmenningen 5 løyve til fordeling. Me kan ikkje gjera endeleg vedtak på dette før kvoten er fastsett. Me har varamannslista frå i fjor, og så får Fjelloppsynet fullmakt til å trekka fordelinga mellom bukkaløyva og dei frie løyva når endeleg fordeling er bestemt.

Dagskort:

Det vart i sak 18/19 bestemt at me skulle starta ordninga med dagskort, i fjor var søknadsfristen 1. juni. Dette sto ikkje i utlysingsteksten i år så me føreslår å opplysa om dette i «Aurlendingen» 1. juli med søkandsfrist 1. august. Så får Fjelloppsynet fullmakt til å administrera ordninga etter vedtaket i sak 18/19.

Utanbygds søkjarliste:

I og med at me truleg ikkje har løyve til overs når dei innanbygdsbuande har fått så droppar me å trekke varamannsliste for utanbygds søkjarar.

Framlegg til vedtak:

Trekninga vert gjort i samsvar med den prosedyren som er skissert i saksutgreiinga.

Fjellstyrekontoret, den 11/6-20

Håkon Øydvin